



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*



Årsrapport

2017

INNHALD

- 3** Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4** Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 5** Styring og kontroll med stiftinga si verksemd
- 7** Styret si oppsummering av 2017
- 8** Aktivtetsbasert resultatrekneskap
- 9** Aktivtetsbasert balanse
- 10** Notar til rekneskapen 2017
- 18** Revisjonsmelding 2017
- 20** Gåver til allmennyttige føremål

Verdiskaping for mangfald,
trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no

FRAMSIDEFOTO:
Alf Vidar Snæland

GRAFISK UTFORMING:
Sparebanken Sogn og Fjordane /
E. Natvik Prenteverk AS

Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er hovudeigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, og har som oppgåver å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken, dele ut gåver av utbyttet frå bankdrifta i det distriktet kapitalen vart bygd opp, støtte banken si verksemd og vidareføre sparebanktradisjonane.

VERDIANE VÅRE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vel å «investere» utbyttet frå bankdrifta i tre kjerneverdier: Midlane skal bidra til verdiskaping for **trivsel, mangfald** og **utvikling** i Sogn og Fjordane.

2017 – kapitaloppbygging og gåvetildeling

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010, og stiftinga sine verdier besto utelukkande i eigenkapitalbevis i banken ved skipingstidspunktet. Allereie første driftsår sette difor stiftinga seg som mål å bygge opp tilleggs kapital til å ha stabilitet kring gåvebeløpa slik at ein kunne vere ein føreseieleg partner på gåveområdet, samt til å stille opp dersom banken ein gong fekk behov for kapital. Stiftinga byrja difor med å dele ut ca halvparten av utbyttet i gåver, og legde resten «på kistebotn».

Gåvebudsjettet har sidan blitt dobla frå 9 millionar i 2012 til 18 millionar i 2016. I takt med at stiftinga har auka gåvebudsjettet, har stiftinga halde att midlar slik at ein kan halde dette gåvenivået i tre år, sjølv om banken ikkje skulle gi utbytte i desse åra. Strategien med å utvikle gåveinstituttet sakte, men sikkert gav òg stiftinga høve til å utvikle gode rutiner for å evaluere gåvetildelingane før gåvetildelingane utvikla seg i omfang.

Strategien med å ha kapital tilgjengeleg viste seg òg å vere nyttig i 2016, då stiftinga bidro til ein emisjon i banken for å oppfylle dei nye kapitalkrava til bankane. Men at ein plasserte ein del av den tilgjengelege kapitalen i nye eigenkapitalbevis i banken, gjorde òg til at 2017 var det første året sidan 2012 at ein ikkje auka gåvebeløpa. Gåvebudsjettet for 2017 vart difor ståande på 18 millionar, som året før. Dermed kunne stiftinga både ivareta banken og dele ut allmenntillegte gåver, til trass for at utbyttet frå banken i 2017 vart lågare enn stiftinga sine utgifter for driftsåret. (NB rekneskap kan avvike frå gåvebudsjett, t.d. grunna kansellerte prosjekt og omfordelte midlar osv.)

Gåvepraksisen vart vidareført uendra i 2017. Det vart gjennomført to søknadsrundar høvedsvis vår og haust; samt vår populære «forenkla søknad» kor søkjarar kan søkje om inntil 10.000 kroner og få rask avklaring heile året. Denne ordninga utgjør framleis nesten halvparten (45%) av dei om lag 700 søknadane stiftinga får kvart år.

I tillegg til dei innsendte søknadane, deler stiftinga ut midlar på eige initiativ. Andelen midlar delt ut på denne måten har auka jamnt og trutt dei siste åra, i takt med at stiftinga gjer seg erfaring med kva tiltak som har mest positiv samfunnsnyttig effekt. Tildelingssummen til slike initiativ utgjorde nær halvparten av gåvemidlane i 2017. Det er særleg prosjekt innan overordna næringstiltak samt næringsretta utdanningstilbod som har nytt godt av stiftinga sine egne initiativ. Stiftinga har òg tatt initiativ til eit større prosjekt med «Dagsturhytter» i kvar kommune i fylket for å fremje fysisk aktivitet.

Sparebankstiftinga har frå 2014 vore representert i styret i Stiftelsesforeningen ved kultursjef Pål Fidjestøl. Dette er i tråd med stiftinga sine ambisjonar om å ta med-ansvar for utviklinga av stiftingssektoren nasjonalt.

2017 var òg året Sparebankstiftinga takka av direktør Kjell Sandnes, som gjekk av med pensjon til sommaren. Sandnes vart tilsett som direktør i 2011. Sidan hans avgang har kultursjef Pål Fidjestøl fungert som dagleg leiar av stiftinga. (Ny direktør tar til i stillinga 1. april 2018.)

Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og skal ha 12 medlemmer og 4 varamedlemmer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, og andre samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene skal veljast av og mellom innskyttarar med bustadadresse Sogn og Fjordane, og som dei siste seks månader før kunngjeringa av valet har hatt innskot over 500 kroner i Sparebanken Sogn og Fjordane. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Sparebankstiftinga gjennomførte 6.-8. mars 2017 innskyttarval på 3 ordinære medlemmer og 4 varamedlemmer, ved at kundane/innskyttarane (som oppfylte vilkåra i førre avsnitt) stemde elektronisk.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3 - 8 medlemmer og 2 varamedlemmer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdeling av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

GENERALFORSAMLING:

Medlemmer

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)
Linda Hovland, Dale
Jørill Hovland, Sogndal
Anne Margrethe Øvsthus, Førde
Arne Klausen, Holmedal
Gro Rukan, Eikefjord
Birte Elin Kjørvik Fossheim, Sandane
Britt Tjønneland, Førde
Elin Tveit Sveen, Svanøybukta
Jarl Tyssekvam, Sande
Åge Avedal, Førde

Varamedlemmer

1. Laila Johannessen, Hyllestad
2. Monika Refvik, Vågsøy
3. Henny-Kristin Navarsete, Leikanger
4. Hanne Bruås, Lavik

STYRET:

Medlemmer

Lise Mari Haugen, Askvoll (styreleiar)
Aslaug Nesje Bjørlo, Sandane (nestleiar)
Tore Jakob Madsen, Florø
Bente Jørgensen, Vågsøy
Vegard Strand, Fjaler

Varamedlemmer

Leidulf Gloppestad, Gloppen
Ellen Marie Njøs Lillesvangstu, Leikanger

ADMINISTRASJON:

Direktør Kjell Sandnes (tom. 30. juni 2017);
Kultursjef Pål Fidjestøl
(kst. dagleg leiar fom. 01.07.17).

Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

STRATEGI, RUTINAR OG KONTROLL

Som langsiktig og dominerande eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdier. Gjennom dette og ansvaret for utdeling av gåver til allmennyttige formål har vi også eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ trygghet for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein forvaltningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdier blir forvalta på ein sikker og god måte, og at verdiane ikkje vert eksponerte for uventa hendingar. Det er også utarbeidd ein samhandlings- og eigarstrategi, som skal sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Forvaltningsstrategien fastset elles at det skal settast av reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserve tilsvarande tre års drift og gåvetildelingar for å sikre kontinuitet i gåvearbeidet. Stiftinga sine kapitalreservar skal vere plassert i aktiva med låg risikoprofil.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak rekneskapsføring, it-tenester, marknadsføringstenester og andre prosjektretta oppgåver.

OPENHEIT

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor eiga nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkjarar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Etter kvart som det blir aktuelt vil også opplysningar om stiftinga si investeringsportefølje bli lagt ut.

FORVALTNING

Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjør ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljø-øydeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel Sparebanken Sogn og Fjordane si viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga søker aktivt posisjonar i banken sine styrande organ, og er i dag representert i både forstandarskap, styret og valnemnd.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i egne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdier
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken sine tenester skal vere distribuert på ein god og effektiv måte.

ETISKE RETNINGSLINJER

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av full tillit frå alle interessegrupper; søkjarar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningssamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneheld generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemmer i styrande organ og alle tilsette.

Styret si oppsummering av 2017

EIGEDELAR

Eigedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (bokført verdi på kr 1.843.499.940)
- Likvide midlar

FØREMÅL MED VERKSEMDA

Føremålet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er å vidareføre sparebanktradisjonane, forvalte kapitalen, stå for eit langsiktig eigarskap av Sparebanken Sogn og Fjordane og gi gåver til allmennyttige føremål.

BALANSE

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1.883.586.091 kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane, har stiftinga eit bankinnskott på 33.599.544 kroner og aksje- og obligasjonsfond på 6.486.147 kroner.

RESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT

Hovudinntektene i rekneskapen for 2017 er utbyte frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr. 18.296.538.

Driftskostnadene for 2017 utgjer kr. 5.595.346 og er fordelt på kr. 2.787.934 i aktivitetskostnader (dvs. knytta til formålsrealisering) og kr. 2.807.412 i administrasjonskostnader. Gåvetildelingane utgjorde 18.467.336 kroner. Dette gir eit årsresultat på -5.029.474 kroner.

Underskotet frå 2017 blir foreslått dekkja inn slik:

Frå gåvefond:	kr 5.206.668
Til annan formålskapital:	kr 177.194

Føresetnader for fortsatt drift er til stades.

STYRANDE ORGAN

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemmer; 4 menn og 8 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar og blir valde for 4 år. I mars 2017 vart det gjennomført val på tre ordinære medlemmer og fire varamedlemmer. Kundane stemde elektronisk etter å ha fått tilsendt røystesetel på e-post. I førekant av avstemminga kunne alle kundane foreslå kandidatar. 2.142 personar avga stemme ved valet, noko som var ein marginal oppgang frå året før.

Styret har 5 medlemmer; 3 kvinner og 2 menn.

Styrande organ er nærare gjort greie for i eigen artikkel i årsmeldinga og på Sparebankstiftinga sine heimesider www.sparebankstiftinga.no

ADMINISTRASJON

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Administrasjonen besto i av direktør Kjell Sandnes (tom. 30.06.17) og kultursjef Pål Fidjestøl (kst. dagleg leiar fom. 01.07.17).

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima. Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Aktivitetbasert resultatregneskap

TAL I TUSEN KRONER

ERVERVA MIDLAR	Note	2017	2016
Utbytte	2	18 297	49 600
Verdiendring av finansielle instrument		54	80
Renteinntekter	3	774	1 457
Sum inntekter på erverva midlar		19 124	51 137
FORBRUKTE MIDLAR			
Løyvde gåver og gåvebortfall	7	18 467	16 965
Aktivitetskostnader	8, 9, 10, 11, 12	2 788	2 254
Administrasjonskostnader	8, 9, 10, 11, 12	2 807	2 527
Finanskostnader		91	65
Sum kostnader / forbrukte midlar		24 154	21 810
AKTIVITETSRESULTAT		- 5 029	29 327
Overført gåvefond		- 5 207	29 036
Overført anna formålskapital		177	292
Sum overføringer		- 5 029	29 327

Aktivitetsbasert balanse

TAL I TUSEN KRONER

EIGEDLAR

Anleggsmidler

Finansielle anleggsmidler

Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis SSF

2

1 843 500

1 843 500

Finansielle investeringar

3

6 486

6 317

Sum anleggsmidler

1 849 986

1 849 817

Omløpsmidlar

Fordringar

6

Bankinnskot

4

33 600

37 815

Sum omløpsmidlar

33 600

37 821

SUM EIGEDLAR

1 883 586

1 887 638

FORMÅLSKAPITAL OG GJELD

Formålskapital

Grunnkapital

5

1 408 500

1 783 500

Gåvefond

5

73 500

78 707

Anna formålskapital

5

391 643

16 466

Sum formålskapital

1 873 643

1 878 672

GJELD

Pensjonsforpliktingar

10

97

162

Sum avseting for forpliktingar

97

162

Kortsiktig gjeld

Sum skuldige offentleg avgifter

110

197

Sum leverandørgjeld

36

80

Sum løyvde gåver

6

9 528

7 974

Sum anna kortsiktig gjeld

172

553

Sum kortsiktig gjeld

9 846

8 804

Sum gjeld

9 943

8 966

SUM FORMÅLSKAPITAL OG GJELD

1 883 586

1 887 638

Førde 1. mars 2018


Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Lise Mari Haugen
Styreleiar


Vegard Tore Strand


Aslaug Njesje Bjørlo
Nestleiar


Bente Kristin Jørgensen


Tore Jakob Madsen
Styremedlem


Pål Fidjestøl
Kst. dagleg leiar

Notar

NOTE 1 REKNEKAPSPRINSIPP

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskaplova og NRS (F) God rekneskapsskikk for ideelle organisasjonar.

Endringar i rekneskapsprinsipp

Frå 01.01.2017 har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane endra rekneskapsmodell frå artsrekneskap til aktivitetsrekneskap i samsvar med god rekneskapsskikk for ideelle organisasjonar. Dette resulterer mellom anna i ny oppstilling for resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter. Målet er å gje eit meir rettvisande bilete på korleis inntekter og kostnader er knytta opp i mot stiftinga sine aktiviteter og føremål. Med dette gir ein brukarane av årsrekneskapen eit betre informasjonsgrunnlag for sine beslutningar.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Føremålsinvesteringar viser til investeringar som søkjer å oppfylle vedtekne føremål i stiftinga. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel er nedskrive til forventa realisasjonsverdi ved verdifall som er vurdert ikkje å vere forbigåande. Forventa realisasjonsbeløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Gåvefond

Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gaver og drift av stiftinga. Det er ei målsetting at gåvefondet skal dekke tre års ordinær drift.

Annan formålskapital

Formålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er annan formålskapital.

Løyvde gaver

Generalforsamlinga vedtek omfanget av gaver til utdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gaver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgingstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Dersom det er vilkår knytta til bevilginga vil den bli kostnadsført dersom det er sannsynligheitsovervekt for at vilkåra blir oppfylt og utbetalinga vil skje. Styre kan løyve gaver for kommande år med forutsetning om at generalforsamlinga løyver tilstrekkelig gåvemidlar, i disse tilfella blir gåvene kostnadsført når generalforsamlinga løyver midla for det aktuelle året. Returnerte gaver blir ført som negative kostnader på same linje som kostnaden opprinneleg blei kostnadsført. I balansen blir dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld «Løyvde gaver» og redusert i takt med utbetalinga.

Inntektsføring frå finansielle instrument

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ein betydeleg sannsynligheitsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret. Mottatt utbytte er vurdert som annan finansinntekt.

Samanstilling av kostnader

Kostnader blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonensutgifter etter forbruk. Forbruk av midlar vert periodisert i samsvar med når aktivitetane er gjennomført.

Pensjonar

1. Ytingsbaserte ordningar

Stiftinga har i 2016 avslutta den ytingsbaserte ordninga, og det er ingen forplikting knytt til denne ordninga pr. 31.12.2016.

2. Innskotsbaserte ordningar

Alle tilsette har etter 1.6.2016 innskotsbasert ordning. Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonssparinga. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.

3. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avvikling av denne i 2016 er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og opptening pr. 31.12. er ført som pensjonsforplikting i balansen.

Skatt

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

Disponering av resultat

Resultat av aktivitet knytt til gåvetildeling, aktivitets- og administrasjonskostnader blir overført til/frå gåvefond inntil gåvefondet er tilstrekkelig til å dekke tre års gåve og drift av stiftinga. Annan aktivitet blir overført til/frå annan formålskapital.

NOTE 2 EIGENKAPITALBEVIS I SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Stiftinga har slik eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane:

TAL I HEILE KRONER	Eigarandel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	93,91 %	18 296 538	100	1 843 499 940

Iflg. vedtektene til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40% stemmerett i generalforsamlinga. Det er difor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Eigenkapitalbevisa som Stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskrivning ikkje er aktuelt pr. 31.12.2017 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2017 (konsern):

TAL I MILLION KRONER	2017	2016
Resultatrekneskap		
Totalresultat	425	340
Balanse		
Eigenkapitalbevis	1 948	1 948
Overkurs	16	16
Utjammingsfond	1 406	1 254
Sum eigarandelskapital	3 370	3 218
Grunnfond	472	445
Sum grunnfondskapital	472	445
Fond for urealiserte vinstar	196	124
Annan eigenkapital	175	123
Hybridkapital	250	150
Avsett til utbytte og gåver	110	19
Sum eigenkapital	4 573	4 079

NOTE 3 INVESTERING I AKSJE OG OBLIGASJONSFOND

Pr. 31.12. har stiftinga følgjande investeringar

TAL I HEILE KRONER	Kostpris	Marknads- verdi 31.12.	Ned- skrive	Bokført verdi 31.12.	Innteksført utbytte i år
Aksjefond DNB Norge Indeks	500 000	675 325	0	500 000	0
Aksjefond DNB Global Indeks	500 000	901 286	0	500 000	0
Obligasjonsfond DNB Aktiv Rente	5 596 158	5 486 717	110 011	5 486 147	115 000
Sum aksje- og obligasjonsfond	6 596 158	7 063 328	110 011	6 486 147	115 000

NOTE 4 BANKINNSKOT

TAL I HEILE KRONER	2017	2016
Bundne skattetrekksmidlar	73 503	139 796

NOTE 5 FORMÅLSKAPITAL

TAL I TUSEN KRONER	Grunn- kapital	Gåve- fond *	Annen formålskapital	Sum formålskapital
Frå eigenkapital 31.12.2016 etter art:				
- Grunnkapital	1 783 500	0	0	1 783 500
- Opptent eigenkapital	0	0	16 466	16 466
- Gåvefond	0	57 000	0	57 000
Frå avsette gåvemidlar (ikkje tildelt)	0	21 707	0	21 707
Formålskapital 01.01.2017 etter aktivitet	1 783 500	78 707	16 466	1 878 672
Formålskapital 01.01.2017	1 783 500	78 707	16 466	1 878 672
Nedskrivning grunnkapital **	- 375 000	0	375 000	0
Årsresultat	0	- 5 207	177	- 5 029
Formålskapital 31.12.2017	1 408 500	73 500	391 643	1 873 642

* Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

** Stiftinga sin grunnkapital ble nedskriven med kr 375 000 000 og beløpet ble overført til annan formålskapital for dekking av moglege framtidige underskot og framtidige utbetalningar av gåver.

NOTE 6 LØYVDE GÅVEMIDLAR IKKJE UTBETALT

TAL I HEILE KRONER	2017	2016
Gåvemidlar		
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01	7 973 900	6 877 399
Utbetalte gåver i året	- 16 913 236	- 15 897 999
Løyvde gåver i året	19 051 336	17 619 500
Bortfall av gåver, tidlegare løyvde	- 584 000	- 625 000
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12	9 528 000	7 973 900

NOTE 7 GÅVEUTDELING**Gåver tildelt pr søknad:**

Søkjær	Gåve- beløp		
4H Sogn og Fjordane	270 000	Fryd	10 000
A/L Skogly	30 000	Førde Idrettslag	79 500
Agro Business Park SA (Matamål-festivalen)	25 000	Førde IL Skiskyting	350 000
Alsaker Grendelag	10 000	Førde Musikklag	20 000
Annai Poopahti Tamilsk Kultursenter	10 000	Førde Opp v/Førde Idrettslag	50 000
Askrova Bygdelag	22 350	Førde Pistol Klubb	20 000
Askvoll Samfunnshus	25 132	Førde Røde Kors	45 000
Askvoll Vel	45 868	Førde Skyttarlag	400 000
Atløy Idrettslag	100 000	Førde Tennisklubb	250 000
Atløy Kulturhus SA	10 000	Førde Volleyballklubb	159 000
Austrheim Musikklag	10 000	Gamblebanken Spelemannslag	10 000
Balestrand Bygdahus SA	240 000	Gaular Idrettslag	175 000
Balestrand idrettslag	70 000	Gaular Skyttarlag	100 000
Balestrand Kunstlag	10 000	Gaularspelet	50 000
Balestrand Røde Kors	28 000	Gloppen Røde Kors	50 000
Balestrand Seniordans	10 000	Gloppen Seniordans	5 000
Balsnes Brettklubb	10 000	Gula Skyttarlag	100 000
Batalden Grendalag Friskus	27 000	Gulen kommune (Tour des Fjords-etappe)	100 000
Berle Grendelag	40 000	Haugen Idrettslag	20 000
B-LAN Interesseorganisasjon	15 000	Havbrusen folkemusikklag	20 000
Brak	200 000	Helle grendalag - Hjartestartargruppa	5 000
Breimsbygda IL	50 000	Hornindal Frivilligsentral	100 000
Breimsbygda Skisenter AS	60 000	Hornindal Skisenter AS	100 000
Bremanger Skulemusikk	20 000	Hugin Musikkforum	10 000
Bulandet IL	100 000	Hyllestad Idrettslag	110 000
Dale Skyttarlag	100 000	Høgebakkane Vel	10 000
Dale Ve og Vel	10 000	Idrettslaget Høyang	90 000
Dalen Grendalag - veglys	40 000	Instedalen Skianlegg AS	150 000
Dysleksi Nordfjord	5 000	International Youth Peace Conference Association (IYPCA)	10 000
Eid Idrettslag	40 000	Jeremias Folkemusikkforening	10 000
Eikefjord Idrettslag	20 000	Jølster Aurefest AS	50 000
Eivindvik Idrettslag	100 000	Jølster Idrettslag	210 000
Elskhug og Eksis	20 000	Jølster Jazzklubb	10 000
Fagerlia Vel	30 000	Kalvåg Skulemusikk	20 000
FH Slagverkgruppa	10 000	Kaupanger Idrettslag	100 000
Fjellhug/Vereide IL (Svinestranda Opp)	10 000	Kinnaspelet	30 000
Fjordbrass Lavik	75 000	Kjølisdalen Skulemusikk	50 000
Fjæra Bluesklubb	25 000	Kjørnes Velforening	24 000
Fjærland Idrettslag	10 000	Kontaktutvalet for Olden og Oldedalen	26 000
Flora Cykleklubb	20 000	Krabbefestivalen på Atløy	10 000
Flora Kunstlag	10 000	Kulturhuset Realen	70 000
Floraskulen Brassband	10 000	Kyrkjebø Seniordans	5 000
Florø Filmklubb	10 000	Leikanger Jakt- og Fiskelag	75 000
Florø Hornmusikk	20 000	Leikanger Røde Kors	44 500
Florø Musikkteater	10 000	Leikanger skulemusikk	40 000
Florø Sportsklubb	200 000	Leikanger Skyttarlag	100 000
Florø Sportsklubb (SK) Handball	100 000	Leikanger Ungdomslag	50 000
Florø Taekwondo Klubb	20 000	Lifjorden Bygdelag	100 000
Frelsesarmeen adv. Florø korps (Florø Fa speider)	20 000	Maritim Forening Sogn og Fjordane	260 000
Fres Festival	75 000	Mjømna Bygdelag	35 000
		Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	160 000
		Naustedalen Spelemannslag	20 000
		Norane Idrettslag	10 000
		Norddalsfjord Idrettslag	20 000

Nordfjordbåtlaget	40 000	Temaparken – Bulandet Ungdomslag	60 000
Nordsida Utviklingslag	20 000	Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane	200 000
Norges Fjordhestlag	15 000	Unicef (TV-aksjonen)	100 000
Norske Kvinners Sanitetsforening		Utvik Vel og Utviklingslag	
Sogn og Fjordane Krins	10 000	/ Utvik Ungdomslag	100 000
Oldedalen Utviklingslag	30 000	Vadheim Skulemusikk	20 000
Olden Idrettslag	100 000	Veteranbåtlaget MS «Stangfjord»	10 000
Operakysten	35 000	Vevringutstillinga	10 000
Opplev Leikanger	20 000	Vikane IL	50 000
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	90 000	Vikane Skulemusikk	20 000
PRO – Opplæringskontoret		Visit Fjordkysten AS	200 000
for prosess og mekanisk industri	20 000	Vågsøy Klatreklubb	10 000
Redningselskapet – Norsk Selskab		Vågsøy skulekorps	50 000
til Skibbrudnes Redning	10 000	Ytre-Hafstad Grannelag	30 000
Rein Rus	65 000	Øen Grendalag	110 000
Reksta Ungdomslag	40 000	Øyra Løken Nærmiljøanlegg	35 000
Reodorklubben Sunnfjord	10 000	Øyrahagen Grendalag, Naustdal	10 000
Røysaleite grendalag	41 000	Åmot Operagard/Villa Åmot	10 000
Sandane Golfklubb	100 000	Årdal Danseverkstad	30 000
Sandane Sykkelklubb	20 000	Åsen Vel	10 000
Selje Golfklubb	20 000		
Seniornett Førde	9 500	Eigne initiativ:	
Senioruniversitetet i Førde	8 000	Sogn og Fjordane Idrettskrins	
Skavøypoll Idrettslag – Håndball	6 000	(rehabilitering av ballbingar)	200 000
Skavøypoll Idrettslag	230 000	Furorestipend	
Skavøypoll Skulemusikkorps	20 000	(8 stipend à 50.000 kroner)	400 000
Sogn Motorsport	92 000	Klatreparkar (Luster, Gaular,	
Kraft i Vest-konferansen	100 000	Vik og Årdal kommunar)	1 000 000
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	30 000	Høgskulen på Vestlandet	
Prosjekt Grøn Skule		– fordelt på 5 ulike prosjekt *)	2 000 000
v/Sogn og Fjordane fylkeskommune	150 000	Sogn og Fjordane Næringsråd	
First Lego League, Eid VGS		(oppstartsstøtte)	500 000
v/Sogn og Fjordane Fylkeskommune	20 000	Landbrukselskapet:	
Sogn og Fjordane Husflidslag	10 000	Storfeprosjektet	200 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	300 000	Årets Gründer-kåring	50 000
Sogndal Røde Kors Hjelpekorps	10 000	Kunnskapsparke	1 000 000
Sogndal Storband	5 000	Sogn og Fjordane («Nybrot»)	
Solund Pensjonistlag	10 000	Helse Førde («Fjordomics»)	1 500 000
Spelemannslaget Fjelljom	10 000	Sogn og Fjordane fylkeskommune:	
Stadlandet Ungdomslag	12 000	Hydrogensatsing	550 000
Stiftinga Den Norske Bokbyen	60 000	IT-forum Sogn og Fjordane:	
Stiftinga Gloppen Musikkfest	50 000	ny IT-utdanning i fylket	800 000
Stiftinga Målrock	50 000	Dagsturhytter – 1. år	800 000
Stiftinga Svanhild	50 000		
Stimen supporterklubb (oppstartsstøtte)	10 000	Fleire gåver til same mottakar er slått saman i over-	
Stryn Turn og Idrettslag	100 000	sikta.	
Stårheim Idrettslag	100 000	Ved fleirårige prosjekt er kun beløp innvilga i 2017	
Sunnfjord Golfklubb	100 000	oppført.	
Sunnfjord Næringsutvikling AS		*) dei 5 prosjekta i HVL som har fått gåver er:	
(Tour des Fjords)	625 000	• Nytt studium: Climate Change Management	
Svanhilds Venner	60 000	• Stipendiatstilling knytt til forskning på tidleg-	
Svelgen Opp og Fram	50 000	kapital	
Svelgen Samfunnshus	10 000	• Nytt studium: Ingeniør – Bygg og Anlegg	
Svelgen Skulemusikk	40 000	• Forskningsprosjekt «RELEASE»	
Tausevika Vel	16 486	(lokale effektar av energiutbygging)	
Teaterfestivalen i Fjaler	75 000	• «Teknologiftet» – løft for teknologifag tilpassa	
Telegrafan Ungdomskafe	25 000	regionale næringer	

NOTE 8 DRIFTSKOSTNADER

TAL I HEILE KRONER

Driftskostnader etter aktivitet	2017	2016
Aktivitetskostnader		
Aktivitets- og arrangementskostnader	189 798	279 479
Lønskostnader	1 306 470	1 373 150
Andre konsulent - og bistandtenester	1 063 349	300 438
Kontorkostnader	188 823	242 330
Andre driftskostnader	39 494	58 230
Sum aktivitetskostnader	2 787 934	2 253 627
Administrasjonskostnader		
Løn- og honorarkostnader	1 409 083	1 353 224
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	504 913	309 540
Andre konsulent - og bistandtenester	10 362	26 050
Kontorkostnader	64 409	87 542
Andre driftskostnader	818 646	750 312
Sum administrasjonskostnader	2 807 412	2 526 669
Sum driftskostnader etter aktivitet	5 595 347	4 780 296

Stiftinga sine vedtektsfesta formål er å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, støtte opp om banken si verksemd, forvalte stiftinga sine verdier på ein god måte og dele ut gåver til allmennyttige formål. Ut frå dette er kostnader knytt til utøving av eigarskap, omdømmebygging og forvaltning av stiftinga sine egedeler definert som formålsaktiviteter i tillegg til gåver til allmennyttige formål. Kostnader knytt til styring, kontroll og egenutvikling er administrasjonskostnader. Felleskostnader som gjeld både aktivitet- og administrasjonskostnader er fordelt etter forbrukt tid eller mengde.

Driftskostnader etter art	2017	2016
Løn, honorar og andre personalkostnader	2 715 552	2 726 375
Andre driftskostnader	2 879 794	2 053 922
Sum driftskostnader etter art	5 595 347	4 780 296

NOTE 9 LØNSKOSTNADER, GODTGJERSLE, TAL TILSETTE

TAL I HEILE KRONER

Lønskostnader	2017	2016
Løn og honorar	2 104 024	2 406 185
Arbeidsgjevaravgift	266 522	310 496
Pensjonskostnader	285 884	-59 773
Anna	59 123	69 466
Sum	2 715 552	2 726 375
Tal årsverk	1,5	2
Tal tilsette pr. 31.12.	1	2

NOTE 10 PENSJONSKOSTNADER OG PLIKTER

Generelt

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstillter krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

1. Ytingsbasert pensjonsordning

Stiftinga hadde fram til 1.6.2016 ytingsbasert pensjonsordning. Etter avslutning av ordninga er den bokførte forpliktinga tilbakeført.

2. Innskotspensjon

Stiftinga har innskotspensjonsordning for alle tilsette frå 1.6.2016. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar premie til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2017 utgjør innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalt pensjonskapital og tilhøyrande avkastning med frådrag av administrasjonskostnader, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast, dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalt. Innskotspensjonsordninga er ikkje balanseført.

3. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 1.6.2016 og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon, er det inngått ein avtale om kompensasjon for redusert forventta pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som er opptent pr. 31.12 og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

4. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i rekneskapan som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føretatt avsetning i balansen for ordninga. AFP-ordninga inneber at tilsette kan slutte med AFP, eller ta ut delvis AFP frå dei fyller 62 år. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar dvs. arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvarer gjeld både manglande innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2017 utgjorde premien 2,5 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G og i 2018 vil premien vere 2,5 %.

5. Sum pensjonskostnad og forplikting

Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift	2017	2016
Ytingsbasert pensjonsordning	0	- 312 494
Innskotspensjon	150 552	104 120
Kompensasjonspensjon	164 743	162 066
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	7 738	15 095
Sum	323 032	- 31 213
Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift	31.12.2017	31.12.2016
Kompensasjonspensjon	97 494	162 066
Sum	97 494	162 066

NOTE 11 YTINGAR TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG GENERALFORSAMLING

TAL I HEILE KRONER

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styre	General- forsamling
Lønn	1 201 691	495 678	130 399
Naturalytingar	42 638	6 639	0
Pensjonskostnader	220 105	0	0
Sum	1 464 434	502 317	130 399

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.
Det er ikkje ytt lån til medlemmer av styret eller tilsette.

NOTE 12 GODTGJERSLE TIL REVISOR

TAL I HEILE KRONER

	2017	2016
Revisjon	75 250	47 500
Andre ytingar	581 363	182 565
Sum godtgjersle inkl. mva	656 613	230 065

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit negativt aktivitetsresultat på kr 5.029.000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, aktivitetsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av all informasjon i årsrapporten, men omfattar ikkje årsrekneskapen og melding frå uavhengig revisor.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at stiftinga vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett drift føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at forvaltninga av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Florø, 1. mars 2018

Deloitte AS



Rune Norstrand Olsen
Statsautorisert revisor

Gåver til allmennyttige føremål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal vidareføre sparebanktradisjonane, mellom anna ved å gje gåver til allmennyttige føremål. Gjennom gåvetildelingane skal vi gjere Sogn og Fjordane til ein rikare og betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfald, trivsel** og **utvikling**.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidareførte i 2017 dei to søknadsfristane 1. mars og 1. september, i tillegg til ordninga «forenkla søknad» med fortløpande søknadsfrist.

Av gåvemidlane vart ca 4,7 millionar tildelt på våren, og 4,4 millionar kroner i haust-runden. Ca. 0,6 millionar kroner vart tildelt fortløpande i kategorien «forenkla søknad», medan fleirårige tildelingar og prosjekt initiert av stiftinga sjølve representerte tildelingar på kring 10,2 millionar kroner.

Sparebankstiftinga har vidareført satsinga på breiddegåver til det mangfaldige organisasjonslivet i fylket, av di vi meiner desse utgjer grunnmuren i den allmennyttige aktiviteten i fylket vårt. Det er dessutan eit mål at gåvene skal utløyse meir aktivitet, og at fleire engasjerer seg i og tek ansvar for at fylket vårt blir ein enda betre plass å bu. Ved å kanalisere stiftinga sine gåvemidlar gjennom organisasjonslivet, vert midlane multiplisert gjennom den frivillige innsatsen og den trivselen som organisasjonane genererer, noko vi meiner gir eit fornuftig og positivt samfunnsrekneskap.

I tillegg til stor fokus på breiddegåver har Sparebankstiftinga ytterlegare styrka sitt engasjement for næringslivet i fylket i 2017. Dette har vært gjort gjennom gåvetildelingar til forskings- og utdanningsføremål, tiltak for å løfte heile næringssektorar og kompetansehevande tiltak for ulike næringsområde. Sparebankstiftinga vurderer i høgste grad næringssskiping i fylket som allmennyttig og ein sentral del av verdiskaping for mangfald, trivsel og utvikling, men stiftinga sine gåvetildelingar skal ikkje vere konkurransevidande og skal ikkje fremje aksjonærer eller einskildpersonar. Med unntak av kåringa «Årets Gründer» har difor ingen einskildbedrifter motteke gåver til si verksemd.

Sparebankstiftinga tildelte gåver for til saman ca 19,9 millionar kroner i 2017. Av dei 726 søknadane stiftinga registrerte i sitt søknadssystem i løpet av året, vart det søkt om til saman 79,3 millionar kroner. 235 av desse søkarane vart tildelt gåver frå stiftinga. Snitt-tildelinga var dermed om lag 84.600 kroner per gåve.

NOKRE AV GÅVENE I 2017

For å gje eit bilete på kva stiftinga ønskjer å utrette med gåvetildelingane, trekkjer vi fram nokre få døme her:

Fylkesdekkande prosjekt: Dagsturhytter

Sparebankstiftinga har i alle år hatt ei tydeleg satsing på å stimulere fysisk aktivitet, då vi meiner at dette både gir auka livskvalitet, lengre liv og betre helse. Den organiserte idretten er naturlegvis ein frekvent gåvemottakar, men for å fasilitere for også eigenorganisert aktivitet blant barn og unge, sette vi i 2013 i gong ei overordna satsing på sentralt plasserte klatreparkar. Det var eit tilbod til alle kommunar om ein klatrepark kvar, men vart snart så populært at einskilde kommunar ønskte både to og tre parkar. Etter at prosjektet vart avslutta, teljer fylket 32 klatreparkar som er gratis for brukarane; fleire av dei så populære at dei har blitt nøydde til å innføre køsystem for ungene... Barneskular med klatrepark i nærområdet rapporterer òg at elevvar med dårleg motorikk har utvikla denne langt raskare etter at klatreparkane kom, og einskilde lærarar meiner jamvel klatreparkane har påverka læringsevne positivt hos nokre av elevane. (Vi har ikkje fått dokumentert denne effekten frå klatreparkane isolert, men at auka fysisk aktivitet påverkar læringsevne positivt er i tråd med funna frå ASK-prosjektet (Active Smarter Kids), eit forskingsprosjekt Sparebankstiftinga tidlegare har gitt gåve til.)

På bakgrunn av resultatata frå klatrepark-satsinga sette vi så i 2017 i gong Dagsturhytte-prosjektet, som innebar at vi lova alle kommunane i fylket ei turhytte plassert på eit etablert sentrumsnært turmål i kommunen. Erfaringar hadde nemleg vist at etter at ei hytte/gapahuk vart oppført på Molden i Luster, vart turaktiviteten på dette fjellet dobla 80 gonger! Vidare førte det til at turgåarane i større grad tok med seg mindre ungar når dei visste det var eit ly på toppen, så turhytta opna òg fjellheimen for ei større målgruppe.



Dagsturhytta «Fjellro» ved Skei i Jølster under oppføring.

Samtlege kommunar sa seg interessert i ei slik hytte, og i skrivande stund er første hytta opna i «Trivselsskogen» ved Sandane i Gloppen, og mange nye hytter er under oppføring/på veg. Prosjektet har òg fått stor medieinteresse, og målingar har vist at aktiviteten på turmålet aukar når hytteplasseringa vert offentleggjort – allereie før hytta vert plassert ut. Prosjektet vil bli rulla ut så raskt som mogeg, dvs. at hytte i alle 26 kommunane skal vere plassert ut i løpet av 2019.

Sparebankstiftinga sitt bidrag til dette prosjektet er 5,2 millionar kroner og er den største enkeltgåva vi har delt ut så langt. Det er difor sentralt at prosjektet vert grundig og kritisk evaluert, m.a. må vi vurdere om effekten er varig, og om/i kva grad turhyttene genererer turaktivitet framfor å tiltrekke seg eksisterande turaktivitet.

Breiddegåver som fundament

Gjennom ordninga med «forenkla søknad», der ideelle lag og foreningar kan søkje om inntil 10.000 kroner og få svar ganske raskt (innan 2-4 veker), utløyser stiftinga mange enkle og

konkrete prosjekter med kort planleggingshorisont. Felles for desse er at dei ofte også utløyser ein stor dugnadsandel. Ved å vere ei løpande og fleksibel kjelde til «litt pengar raskt», bidrar stiftinga til å oppretthalde og utvikle eit svært viktig tilbod i organisasjons- og kulturlivet kring i heile fylket.

Åsen Vel kan fungere som eit døme på slike enkle breiddegåver. Dei søkte om gåve til å utbetre grillhytta si på Sandane med straum og innlagt vatn i november, og fekk 10.000 kroner til dette i desember. Tiltaket fekk òg økonomisk bidrag frå fleire andre organisasjonar. Allereie før vi skreiv 2018 var tiltaket gjennomført; noko som har ført til at fleire målgrupper har kunne nytte hytta oftare i vinter, og vere der lenger kvar gong. Ein ubyråkratisk søknadsprosess med rask handsaming koplå med eit handlekraftig lag har dermed gitt Åsen på Sandane ein mykje meir anvendeleg samlingsplass for mange fleire brukarar på imponerande kort tid.

Gjennom stiftinga sin gåvestrategi har stiftinga prioritert følgjande tiltak:

- Prosjekt og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjonar drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.
- Prosjekt og organisasjonar som har klare visjonar og tankar bak sine tiltak.

Det vert ikkje gjeve støtte til:

- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemd eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydeleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Religionsutøving
- Prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknadsfristen.

Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnader) vil normalt verte prioritert etter søknader om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.

Søkarar som av ulike grunnar ønskjer å halde søknaden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.

Avslag på gåvesøknader vil ikkje bli grunngjeve. Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.